



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	11.09.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvaldssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/47	Underskrift	
PS 08/48	Godkjenning av protokoll	
PS 08/49	Referatsaker Open post	
PS 08/50	Nytt val etter Åshild Bergsvik Karlsen (H)	2008/418
PS 08/51	Samarbeidsavtale om barneverntenesta mellom Midsund og Molde kommune	2008/42
PS 08/52	Sal av Antonbua gnr. 48 bnr. 7 i Midsund kommune	2008/442
PS 08/53	God helse programmet i Midsund- fornying av partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke	2006/62
PS 08/54	Finansering og framdrift - Brannteknisk prosjekteringsunderlag - Raknes skule Gnr 60 Bnr 18	2008/280
PS 08/55	Søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk – MATKROA AS	2008/279
PS 08/56	Søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk - COOP MIDSUND BA	2008/279
PS 08/57	Søknad om skjenkeløyve - 62 NORD CRUISES AS	2008/279
PS 08/58	Søknad om skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3 - MIDSUND KRO AS	2008/279
PS 08/59	Søknad om skjenkeleøyve gruppe 1, 2 og 3 – NE`STE AS	2008/279

Midsund, 05.09.08

Helge Orten
ordførar

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/47 Underskrift

PS 08/48 Godkjenning av protokoll

PS 08/49 Referatsaker



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2008/418-1

Arkiv: 033

Saksbeh: Ann Torill Vaksvik

Dato: 05.08.2008

Saksframlegg

Nytt val etter Åshild Bergsvik Karlsen (H)

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/13	Valnemnda	04.09.2008
08/50	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Behandling i Valnemnda - 04.09.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Nytt medlem til formannskapet: Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til planutvalet: Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til tiltaksnemnda: Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til valnemnda: Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til administrasjonsutvalet: Aslaug Jensen Sanden

Formannskapet sitt medlem i soknerådet: Aslaug Jensen Sanden
Varamedlem til representantskapet i R.I.R.: Aslaug Jensen Sanden
Medlem til styret i GassROR IKS: Aslaug Jensen Sanden
Varamedlem til styret i Midsund Vekst: Aslaug Jensen Sanden

Ny representant for Høgre til kommunestyret rykker opp i den nummerorden dei er valt.
Roy Heggdal rykker opp som fast representant i kommunestyret. Vararepresentanter rykker opp etter nummerorden.

Forslag fremma av Helge Orten (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 04.09.2008

Nytt medlem til formannskapet:	Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til planutvalet:	Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til tiltaksnemnda:	Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til valnemnda:	Aslaug Jensen Sanden
Nytt medlem til administrasjonsutvalet:	Aslaug Jensen Sanden

Formannskapet sitt medlem i soknerådet:	Aslaug Jensen Sanden
Varamedlem til representantskapet i R.I.R.:	Aslaug Jensen Sanden
Medlem til styret i GassROR IKS:	Aslaug Jensen Sanden
Varamedlem til styret i Midsund Vekst:	Aslaug Jensen Sanden

Ny representant for Høgre til kommunestyret rykker opp i den nummerorden dei er valt. Roy Heggdal rykker opp som fast representant i kommunestyret. Vararepresentanter rykker opp etter nummerorden.

Saksutgreiing:

Åshild Bergsvik Karlsen døde 14. juli 2008.

Åshild Bergsvik Karlsen hadde følgjande politiske verv i kommunen:

- medlem i kommunestyret
- medlem i formannskapet
- medlem i planutvalet
- medlem i tiltaksnemnda
- medlem i administrasjonsutvalet
- medlem i valnemnda
- formannskapet sitt medlem i soknerådet
- varamedlem i representantskapet i R.I.R.
- medlem i styret i GassROR IKS
- varamedlem i styret i Midsund Vekst

I kommunelova § 16 nr. 2 står det:

”Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget, formannskapet eller fylkesutvalet, trer endeleg ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i formannskapet eller fylkesutvalget skal varamedlem fra det underrepresenterte kjønn tre inn så langt det er mulig.”

I kommunelova § 16 nr. 3 står det:

”Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Er organet valgt ved forholdsvalg, skal det suppleres fra den same gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn

40 prosent av medlemmene i organet, skal det velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.”

Vurdering:

Det må veljast nytt medlem til formannskap, planutval, tiltaksnemnd, valnemnd og administrasjonsutval.

Ny representant for Høgre til kommunestyret rykker opp i den nummerorden dei er valt.

1. vararepresentant for Høgre til kommunestyret er Roy Heggdal. Han rykker opp som fast representant i kommunestyret. Vararepresentanter rykker tilsvarende opp etter nummerorden.

Det må veljast nytt medlem/varamedlem til desse utvala:

- Formannskapet sitt medlem i soknerådet.
- Varamedlem til representantskapet i R.I.R.
- Medlem til styret i GassROR IKS.
- Varamedlem til styret i Midsund Vekst.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Ann Torill Vaksvik
førstesekretær

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Valte medlemar og varamedlemar
Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap
GassROR IKS
Midsund Vekst



Midsund kommune
Helse

Arkivsak: 2008/42-3
Arkiv: 026
Saksbeh: Sissel Telnes Orvik
Dato: 27.08.2008

Saksframlegg

Samarbeidsavtale om barneverntenesta mellom Midsund og Molde kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/51	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune godkjenner vedlagte avtaleutkast om en felles barnevernsteneste organisert med Molde kommune som vertskommune.

Felles barnevernsteneste med Molde kommune etableres frå 1.1.09

Midsund kommune/rådmannen delegerer sin myndighet etter Lov om barnevern. Jfr kommunelovens § 28, til Molde kommune/rådmann. Med dette blir også barnevernsleiar i Molde også barnevernsleiar i Midsund kommune.

Saksutgreiing:

Sammendrag

Det vises til utvalsak 08/5 i Formannskapet 22.01.08 og sak 08/09 i Kommunestyret 21.02.08 der en fattet vedtak om at det skulle utarbeides forslag til samarbeidsavtale om barneverntjenesten der barnevernstjenesta i Molde blir vertskommune og får vedtaksmynde.

Det har også vore eit samarbeide no gjennom ei midlertidig avtale om bistand innan barnevernstjenesta mellom Molde og Midsund kommuner. Evalueringa av dette samarbeidet er svært positiv.

Vurdering:

Då barnevernsleiar i Midsund slutta i si stilling, 1.05.08, vart det inngått av tale med Molde kommune om midlertidig bistand frå barnevernet i Molde. Molde har stilt 60% saksbehandlingsressurs til rådighet for Midsund kommune, og dette samarbeidet har fungert særst positivt. I tillegg til løpende barnevernsarbeid i denne perioden, har Molde kommune også delteke i tverrfaglige møter.

Bakgrunnen og utgangspunktet for eit samarbeide med Molde kommune eller fleire kommuner, er at det er særst krevande å stå åleine i ei kommune som ansvarlig for barnevernsarbeidet. Det er psykisk belastande og erfaringsmessig fører det ofte til sjukmeldinger. Dette blir både då både ei personalmessig utfordring og ikkje minst, ei utfordring på å få til ei god løysing for barnevernsarbeidet. Det å få til eit interkommunalt samarbeide om dette området gir eit personalmessig løft, fordi ein får muligheit til å være med i eit kollegium, som igjen gir muligheit for støtte i arbeidet og personlig utvikling. Men det gir også ressursar til å gjere ein endå bedre jobb i barnevernsarbeidet.

Som kjent har det gjennom ROR vore arbeida for å finne fram til løysing for eit interkommunalt samarbeide innan barnevern. Som dei første kommunane i dette, har Molde og Midsund kommunar jobba nærst for å få til eit samarbeide. I første omgang gjennom ei midlertidig avtale, der ein har fått erfaringar. Samtidig har ein gjennom kontinuerlege møter fått frem avtaleutkast for eit kontinuerleg samarbeide. I det siste har også Aukra kommune vore med i samtalanene, og vil i nær framtid avgjere om dei skal inngå lignande avtale.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gjennom samarbeidssamtaler er det lagt grunnlag for ei oversiktlig økonomisk styring mellom avtalepartane, slik at ein kan gi god tilbakemelding til kommunestyrer. Dette gjelder så vel oversikt over dei administrative kostnader og kostnadene til barnevernstiltak.

Dei foreløpige anslaga for kostnader for Midsund kommune er basert på følgende:

Beregning av administrative kostnader, 100% stilling, se vedlegg:	kr 675.000.-
Utgifter til barnevernstiltak	<u>kr 600.000.-</u>
Sum:	<u>kr 1.275.000.-</u>

Budsjettpost 3600 Barnevern, budsjett Midsund kommune 2007, kr 1.205.000.-

I forbindelse med budsjett for 2009 vil det bli gjennomført ytterligere gjennomgang av utgiftsnivået til barnevernstiltak, basert på evaluering av 2008.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Sissel Telnes Orvik
einingsleiar helse

Vedlegg (prenta): Avtaleutkast, avtale om interkommunalt barnevernstjeneste for Molde og Midsund kommuner
Oppsett for forslag til betalingsordning/avregning
Beregning kostnader administrative utgifter
Referat fra møte

Kopi/avtale foreløpig avtale

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Molde kommune



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/442-1
Arkiv: 614
Saksbeh: Gunnar Kvalsund
Dato: 21.08.2008

Saksframlegg

Sal av Antonbua gnr. 48 bnr. 7 i Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/50	Formannskapet	04.09.2008
08/52	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner det skisserte opplegget for gjennomføring av salg av Antonbua, gnr. 48 bnr. 7, og ber rådmannen utarbeide salgsbetingelser iht skissert og ønsket utnyttelse av tomten, og utlyse og stå for gjennomføring av salg av tomten.

Behandling i Formannskapet - 04.09.2008

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner det skisserte opplegget for gjennomføring av sal av Antonbua gnr. 48 bnr.7.

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide salsvilkår og utlyse eigedomen for sal.

Det vart votert alternativt mellom forslag til vedtak og forslag fremma av Magne Reiten (SP). Forslag fremma av Magne Reiten (SP) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 04.09.2008

Kommunestyret godkjenner det skisserte opplegget for gjennomføring av sal av Antonbua gnr. 48 bnr.7.

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide salsvilkår og utlyse eigedomen for sal.

Saksutgreiing:

Midsund kommune ønsker å selge tomten/Antonbua. I en slik forbindelse ønsker kommunen å påvirke til at det skjer en utvikling av tomten, som gjenspeiler de interesser som kommunen har for utvikling av sentrum i Midsund. I dette ligger det at en ønsker oppføring av bygninger som kan gjenspeile en "sjøbud-stil" og der disse inneholder tilbud innen privat servicenæring, bolig/leiligheter, kontorlokaler, m.v. som kan være med å utvikle og gi sentrum et særpreg og tilbud, og som kan gjøre Midsund attraktivt som bu- og besøkssted. En slik påvirkning ønsker kommunen å gjennomføre ved at ved utlysning av salg av tomten, pålegger kjøper betingelser for bruk av tomten i henhold til ovennevnte ønsker for utnyttelse. I betingelsene vil det i tillegg være tidsbegrensinger for gjennomføring av utbygging.

Vurdering:

Antonbua ble kommunalt ervervet ved kjøp fra Midsundfisk AS. Intensjonen med kommunens kjøp var å sikre et attraktivt område i sentrum og på denne måten kunne ha muligheter for innflytelse på utviklingen av sentrumsområdet.

Det ble i kommunestyremøte 13.12.07 sak 07/122, i forbindelse med budsjettdebatt for 2008, fattet vedtak om at Antonbua skulle selges i løpet av perioden 08-09.

Kommunen er nå i en fase der en ser muligheter for å starte planarbeidet og i den forbindelsen også utarbeidelsen av en sentrumsplan. I en slik sammenheng er det viktig at kommunen bruker de instrument de kan benytte for å få en best mulig utvikling av sentrum. Kommunen ønsker ikke i denne sammenheng å være noen utbygger, men være med å legge til rette for at det skjer en formålstjenlig utvikling.

Når kommunen nå eier denne tomten, og har klare forhåpninger om at det i dette området skal utvikles og bygges bygninger som vil være med å gi sentrum et løft og - skape en image/utseende som vil sette oss "på kartet" og gjøre oss attraktiv som besøkssted, så må vi også benytte denne muligheten for påvirkning av bruken av tomten, når vi skal selge.

Dette kan gjøres ved at vi lyser ut tomten for salg, samtidig som vi forplikter kjøper å legge frem forpliktende beskrivelse/tegninger for bruk av området, og forplikter kjøper til å gjennomføre disse utbyggingene innen en viss tid. I dette ligger også regulering av området.

I forbindelse med forslaget til reguleringsplan som er fremmet, er det skissert mulighet for at bygningene på tomten blir revet. Interesserte utbyggere har også gitt uttrykk for at dette er eneste mulighet for å få en regningssvarende utnyttelse av tomten. Dette begrunnes også i at nåværende bygninger ligger svært lavt i forhold til flomål, og vanskeliggjør utnyttelse. Tilstanden på bygningene gjør også at det vil være svært kostbart å få gjenbruk hvis en tar kostnadene ved å heve bygningen. Plassering av nåværende bygning gjør også en bedre utnyttelse av området vanskelig, i en sammenheng der en ønsker å fylle ut mer av området fremover i sjøen.

En godkjent reguleringsplan med bakgrunn i ovennevnte utnyttelse må ligge til grunn for gjennomføring av tiltak og utbygging. I forbindelse med utarbeidelse av en slik reguleringsplan

bør kjøper fortrinnsvis ta med inn i reguleringsplanen, utnyttelse av eiendommene 48/129 og 48/71, slik at en kan få en helhetlig utvikling av området mellom "Coop" og "Statoil". Samarbeide om regulering med eierne av nevnte eiendommer vil også være nødvendig for å sikre en god inn - og utkjøring for området.

Kommunen har i det siste fått flere henvendelser fra interessenter som ønsker å erverve deler eller hele tomten som kommunen eier. Interessentene skisserer forskjellig ønsket bruk av eiendommen. Fordi det da er flere interessenter og forskjellig syn på bruk av tomten, synes det ryddig om kommunen, som eier av tomten, gir uttrykk for ønsket bruk av tomten og betingelser for salg tomten, og at det deretter vil være den aktører som har det beste tilbudet og aksepterer betingelsene, som får tilslaget på kjøp av tomten.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kommunen kjøpte eiendommen Antonbua for 1,5 mill kr.+ tillegg av dokumentavgift mv. Ved salg av eiendommen skal kommunen ha som målsetting å oppnå minst tilsvarende beløp. Kostnader som kjøper vil ha på planlegging og regulering iht betingelsene ved kjøp, vil bli på kjøpers regning.

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/62-17
Arkiv: 233
Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik
Dato: 18.06.2008

Saksframlegg

God helse programmet i Midsund- fornying av partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/49	Formannskapet	04.09.2008
08/53	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Partnerskapsavtale mellom Møre og Romsdal fylke og Midsund kommune for gjennomføring av God helse programmet godkjennast slik den ligg føre, og gjer oss til God helse kommune også i perioden 2009-2011.

Behandling i Formannskapet - 04.09.2008

Ann Heidi P. Orvik (AP) stilte spørsmål om sin habilitet.
4 voterande.

Ann Heidi P. Orvik (AP) vart samrøystes kjent inhabil.
Reidar Tangen (TVL) tok sete som varamedlem.
5 voterande

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.09.2008

Partnerskapsavtale mellom Møre og Romsdal fylke og Midsund kommune for gjennomføring av God helse programmet godkjennast slik den ligg føre, og gjer oss til God helse kommune også i perioden 2009-2011.

Saksutgreiing:

Midsund kommune kom med i God helse programmet til Møre og Romsdal fylke i 2005, og underteikna partnerskapsavtale for åra 2005 tom 2008. Det lokale folkehelsearbeidet i kommunen er motivert ut i frå St.meld nr.16(2002-2003)- Folkehelsemeldinga, vedtak i Fylkestinget om oppretting av Folkehelseutval og inngåing av partnerskapsavtale med den einskilde kommune. I 2007 vart den første Folkehelseplanen for Midsund kommune vedteke, der rusførebygging, idrett og fysisk aktivitet, rehabilitering og psykisk helse var integrerte deler.

Både Folkehelsemeldinga og WHO peiker på at dei viktigaste innsatsområda for å betre helsa i befolkinga er meir fysisk aktivitet, endringar i kosthald, rus- og tobakksførebygging og meir fokus på psykisk helse. Dette blei også dei viktigaste innsatsområda i God Helse programmet regionalt og lokalt. I tillegg har vi i løpet av siste året fått større fokus på dei sosiale forskjellar i helse, som viser at økonomi, sosial status, utdanning osv gjev store utslag i helseutviklinga hos folk(gradientutfordringa).

Strategien i programmet er å sikre felles innsats og samordning for førebygging og helsefremmande tiltak og vidareutvikle samarbeidet mellom næring, kultur, helse og frivillige organisasjonar. Alliansebygging i form av forpliktande partnerskap er særskild viktig skal vi lukkast med God Helse programmet vårt. I tillegg kjem dei strukturelle innsatsane som til dømes tverrfagleg samarbeid, helse i kommuneplanar, samarbeid med lokale organisasjonar og så vidare.

Budsjettet for God Helse partnerskapet i Møre og Romsdal i 2007 var på ca 5 mill kr – men med spleiselag og all innsats lokalt i kommunane genererte det omlag heile 20 mill kr! Den viktigaste effekten av God Helseprogrammet skjer på kommunenivå. I 2007 er det gjennomført ca 120 mega-prosjekt med til saman over 20 000 deltakarar. I tillegg er det gjennomført ca 100 mindre spissa prosjekt mot utvalde grupper, med til saman ca 3000 deltakarar. Det er no 21 kommunar som har teikna partneravtale med fylket. Dette utgjer ca 75% av innbyggjarane i fylket. Det er tilsett 18 folkehelsekoordinatorar som arbeider i desse kommunane.

I Midsund kommune har vi tilsett fulltids rådgjevar i rådmann sin stab med folkehelsekoordinatorfunksjon tilsvarande 50 % av stillinga. Årsbudsjett for 2008 tilsvarar kr 184 000, derav 125 000 er tilskot i frå Møre og Romsdal fylke. I tillegg kjem tilskot av kr 25 000 i 2008 frå Midt Norsk kompetansesenter for rusfaget, til lokalt mobiliseringsarbeid rusførebygging.

Vurdering:

Gjennom partnerskapsprogrammet God helse har Midsund kommune fått tilgang til fagleg nettverk, kompetansebygging og spissing av vårt folkehelsearbeid i åra 2005 til og med 2008. I tillegg til dette har Møre og Romsdal fylke gjeve kr 125 000 i tilskot til finansiering av ei 50 % koordinatorstilling, samt gjeve ulike aktivitetsstilskot til fysisk aktivitet og rusførebygging med 131 000 desse åra.

Det er varsla frå både stat og fylke ei vidare kanalisering av tilskots- og prosjektmidlar til folkehelsepartnerskapa, då arbeid gjennom desse nettverka viser seg effektive og målretta. Ei ny stortingsmelding om folkehelse er venta i 2009, men i regionmeldinga frå 2007 vart det meldt at

folkehelsearbeidet skal leggjast sterkare vekt i åra som kjem, og at fylka og kommunane vil få utvida arbeidsoppgåver med omsyn til dette.

I God helse programmet står den einskilde kommune fritt til å bestemme kva for felt dei ønskjer å prioritere lokalt og arbeide med, så lenge formålet er i samsvar med partnerskapsavtala mellom kommunen og fylket. Folkehelsearbeidet handlar i stor grad om å sjå på tenesteproduksjonen med kritisk blikk og spørje om det vi gjer fremjar helsa hos den einskilde og samfunnet, og spesielt om organiseringa av tenestene aukar dei sosiale forskjellane i folkehelsa. Sidan er det gjennom lokale tiltak å styrke dei faktorar som verkar til betre helse og livskvalitet og svekke dei elementa som fører til helserisiko i all tenesteproduksjon.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Om Midsund kommune finn og ikkje signere ny partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke, vil vi stille oss utanfor eit etablert program som vi har hausta mykje gode erfaringar, kompetanse, tilskot og kontaktar i. Vi svekkje økonomien med kr 125 000 til stillingsressurs, og eit evt. inntektsbortfall av tilskot til aktivitetar som vi ikkje har kommunale midlar til å kompensere.

Eit val bort i frå folkehelseprogrammet i ei tid då kommunane sine plikter til dette auker, vil gjere oss meir sårbare med omsyn til å klare ut med utfordringane i ny plan og bygningslov som set krav til at folkehelsekonsekvensar av tiltak skal fram som del av handsaming av planar og tiltak etter lova. Ein kan sjå for seg at einingsleiarane sjølv skal kunne leggje alle planer og tiltak fram der dette er vurdert, og sjølv koordinere evt. tverrfagleg og tverretatleg arbeid av folkehelsekarakter. Erfaringar viser at dette i liten grad skjer, og er grunngevinga til at fylket har valt ein strategi med fast tilsette koordinatorar i minimum 50 % stilling i den einskilde kommune.

Ved signering av ny partnerskapsavtale for perioden 2009-2011, vil vi ha årlege utgifter til minimum 50 % stilling som rådgjevar, der fylket årleg bidreg med kr 125 000 i tilskot, samt evt aktivitetmidlar. Vi har fast tilsett person med naudsynt fagkompetanse, og vil då korkje ha aukte eller reduserte utgifter, men prioriterer denne ressursen til folkehelsearbeid på omkostning av anna tenesteproduksjon som t.d. ålment kulturarbeid også i denne perioden.

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke
Statusrapport God helse 2007

Avisutklipp frå Bygdebladet "Mange kommunar satsar på god helse", av 4.juni 2008

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Møre og Romsdal fylke V/ God helse, Fylkeshusa, 6404 Molde

Oversikt over oppgaver løyst i 2007 og planer for 2008

Satsingsområde for God Helse 2007;

- SommerMOT leir i Sandøy kommune med 20 deltakere frå Midsund kommune i alderen 13 til 16 år. Interkommunalt lavterskel samarbeidsprosjekt mellom kommunane Midsund, Aukra, Fræna, Eide og Sandøy med totalt 60 unge. Leiren har ein sosial profil, der ein oppfordrar særskild ungdom frå vanskelegstilte familiar til å delta gjennom målretta marknadsføring i kommunane. Aktivitetar i leiren er bygd opp rundt MOT sine kjerneverdier; mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å sei nei.
- God helse- Jentebølgen lavterskel gågruppe på tysdagar frå kl 18.00 til kl 20.00 i Midsund sentrum. Samarbeidsprosjekt mellom Otrøy sanitetslag, Midsund kommune v/ God helse og Fagforbundet Midsund. Start i november 06, avslutta pga manglande oppslutning i mai 07. Varierende deltaking frå 1 til 16 personar frå veke til veke.
- Organisering av frivilligheit i form av dugnad til måling og i stadsetting av Midsund Fritidsklubb sine nye lokalar ved Idavoll.5-6 vaksne frivillige arbeidet saman med ungdommen i underkant av 500 timar for å få klubben ferdig hausten 2007.
- Etablering av driftsorganisasjon til Midsund Fritidsklubb i eigne lokalar for å gjere klubben til den sunne, trygge og inkluderande arenaen for arbeid mot born og unge som vi ønskjer.
- Samarbeid med diverse velforeiningar i kommunen om grusing/ tilrettelegging/ rydding/ drift av turstier, badeplassar og villmarksleir for å leggje til rette for lavterskel eigenmotivert fysisk aktivitet i nærmiljøa.
- Samarbeid med Midsund reiselivslag om bytte og oppsetting av 7 turpostkasser på fjelltoppar og etablerte turplassar rundt i kommunen, med nye turbøker.
- Støtte til Midsund Jeger og fiskeforeining for arrangement av Villmarsleir med ein mengde friluftslivsaktivitetar ei helg i mai/ juni kvart år for 20 ungdomar frå heile fylket.
- Innsamling og bearbeiding av kartinformasjon til kart frå Nordmøre og Romsdal Friluftsråd i storleik 1:50 000, og turistkart i samarbeid med Midsund Reiselivslag i storleik 1:25 000 frå Midsund. Begge karta i sal frå sommaren 2007.
- Skipa tverrfagleg ansvarsgruppe innan rusførebyggande arbeid med representantar frå helsestasjon, psykisk helse, barnevern, sosialteneste, skulane, barnehagane, integrering/kultur/ god helse/ idrett og friluftsliv, fritidsklubben, politi, og legane.
- Starta arbeidet med KRUS-arbeidet lokalt gjennom å utarbeide rutinar for "Tidleg intervensjon" i Midsund, og ein rutine og prosedyreperm for alle tenester som arbeider opp mot barn og ungdom der målet er å sjå, forstå og hjelpe barn og unge som har det vanskeleg på ein best mogleg måte tverrfagleg. Begge desse arbeida skal vere ferdige i løpet av våren 2008.
- Arbeid fram og fått vedtatt God Helse plan for Midsund, med delplanane "idrett- og fysisk aktivitet", "psykisk helse", "ruspolitisk plan" og "rehabiliteringsplan". Planane samla er i for stor grad fortsatt intensjonsplanar, og må konkretiserast og formaliserast på ansvar ut i dei ulike tenesteproduserande einingane.
- Utdanna 7 lokale ungdomar som danseinstruktørar til drifting av lavterskel danseverkstadaktivitet i ungdomsklubben.
- Raknes skule har kjørt eit midttimprosjekt heile året med tema mat, helse og fysisk aktivitet i samband med uteskule for heile skulen. Prosjektet er dokumentert med ein bildekavalkade.
- Alle førsteklasingar fikk God Helse vatnflaske ved skulestart, elevar i andre trinn som hadde mista sine flaskar fikk ny.
- Alle skulane fikk utdelt fruktdelingssett frå God helse programmet til jul.

Satsingsområde for God Helse i 2008

- Vidare satsing på utvikling og drift av Midsund Fritidsklubb som ein lavterskel arena for rusførebygging, inkludering på tvers av alder, funksjonshemmingar, nasjonalitet og bygging av positivt sjølvbilete og identitet til heimkommunen.
- Ferdigstilling av prosedyrar og rutinar for å sjå, forstå og hjelpe barn og unge som har det vanskeleg i det tverrfaglege samarbeidet (tidleg intervensjon og Vegvisarperm).
- Satsing på involvering av ungdomane i eigne val og framtid i kommunen gjennom deltaking i Ungdomsråd, Fritidsklubbstyre og som aktive partar i Kommuneplanprosess med meir.
- Utvikling av "Aktiv på dagtid" liknande tilbod i samarbeid med psykisk helse/ Butenesta.
- Kvar einskild tenesteområde må velgje eigne satsingsområde innan God helse og rapportere årleg i årsmelding.



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/280-7
Arkiv: 60/18
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 01.09.2008

Saksframlegg

Finansiering og framdrift -

Brannteknisk prosjekteringsunderlag - Raknes skule Gnr 60 Bnr 18

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/54	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek Handlingsplana for Raknes skule datert 16.07.08 med rev. A: 22.07.08 til vitande.

Totalbeløpet på Branntekniske utgifter Raknes skule er kalkulert til kr. 950.000.

For å dekkje opp arbeidet som må gjerast i 2008 blir budsjettposten Branntekniske utgifter Raknes skule auka med kr. 133.000 til totalt kr. kr. 383.000. Kr. 133.000 vert å finansiere med auka lånemidlar.

Resterande kr. 567.000 må løyvast i investeringsbudsjettet for 2009.

Saksutgreiing:

Viser til kommunestyresak den 03.04.08 sak 08/16 der det blei bestilt ei brannteknisk vurdering av Raknes skule.

Rapportar som er bestilt:

Nr	Dato	Tekst	Omhandlar	Lever av
1	21.04.08	Brannteknisk prosjekteringsgrunnlag	Gjennomgang av heile skule med teikningar som viser brannsellene. Innledende strateginotat, med avvik frå VTEK	Kostberg Arkitektkontor NBC – NEAS Brannconsult AS
2	14.07.08	NBC – NEAS Brannconsult AS	Dokumentasjon av avvik fra VTEK Avvika er dokumentert og lukka	NBC – NEAS Brannconsult AS
3	16.07.08	Handlingsplan	Handlingsplan som tek føre seg kva som må gjerast før skulestart, og kva som kan vente til skulen har ferie og budsjettet er på plass.	NBC – NEAS Brannconsult AS
4	14.08.08	Brannbelastning i rømmingsveg	Notat vedk. brannbelastning av fysiske lause ting i rømmings-vegane. Eks. klede og elektrisk ustyr.	NBC – NEAS Brannconsult AS
5	26.08.08	Vurdering av elektriske skap i rømmingsvegar E – post.	Vurdering om tørkeskap kan stå i mellomgangen på nybygget.	Kostberg Arkitektkontor NBC – NEAS Brannconsult AS

Tilbodspapira på brannteknisk oppgradering blei sendt ut den 15.05.08. Det kom inn eit tilbod frå Røberg Bygg As, den 10.06.07. på kr. 849.694.

I tilbodet var det eit atterhald om at den løysinga som var levert kunne gjerast billegare med ei anna løysing på overflatebehandlinga, men detaljane måtte sjekkast med Kostberg Arkitektkontor. Etter den tid har vi i fellesskap med Røberg Bygg arbeida med å finne den beste løysinga på brannsikringa av Raknes skule.

Korrigert tilbod vart levert den 02.08.08, tilbodet er delt i to:

Rømmingsveg frå SFO og utført arbeid i juli og august kr. 250.000

Resten av brannsikringa kr. 490.000.

Samla tilbod frå Røberg Bygg AS blir då kr. 740.000

I tillegg kjem : eige arbeid, konsulentarbeid, ombygging av arbeidsrom for lærarane , flytting av tørkeskap til kjellar + div små ombyggingar elles på bygget med kr 210.000.

Kalkylen er på kr. 950.000 inkl. mva

Handlingsplan

Handlingsplana er delt inn i 10 punkt, der punkt 1 – 6 skal vere utført før skulestart og punkt 7 – 10 skal vere utført så snart det er praktisk mogeleg. Her er det byggjesaksansvarleg som godkjenner framdrifta og måten arbeidet skal gjerast på.

Vurdering:

Røberg Bygg As har levert eit tilbod på arbeidet med brannsikring av Raknes skule: Skifting av dører i rømmingsvegane, omordning av arbeidsrommet til lærarane (slå saman 2 rom og ein ekstra vask+ div kabling til elektrisk og data) er utført. Flytting av tørkeskap frå inngang nybygg til kjellar skal utførast snarast, pga. brannfaren i rømmingsveg.

Den 02.09.08 var det ordinært brannsyn frå Molde brannvesen. Det blei eit avvik på punkt 5 i handlingsplana der det skal vere eit eksternt firma som går over og ser om ledelysa er i samsvar med gjeldane reglar og ikkje berre eigenkontroll. Det blei også orientert om framdrifta. Leiar for forebyggjande seksjon i Molde brannvesen jon Børge Horneland tok framdrifta til vitande.

Handlingsplan

Punkt 1 – 5 i handlingsplana er utført unnateke er punkt 5 som er eigenkontrollert men skal kontrollerast og verifiserast av godkjent firma. Denne kontrollen er bestilt.

Punkt 3 gjeld manglande rømmingsveg frå SFO, SFO rommet er i dag fysisk stengt inntil rømmingsvegen er etablert. Arbeidet med rømmingsvegen frå SFO vil bli sett i bestilling så snart pengane er løyvd.

Oppgradering av det branntekniske er søknadspliktig og blir behandla av teknisk.

Teknisk har heile tida prøvd å få til eit funksjonelt bygg slik at ein kan få eit godt arbeidsmiljø. Det har vore mange småe tilpassingar som har vert ordna .

Forslag til framdrift og finansiering - handlingsplana

Er utført og bør utførast i 2008.

Handlingsplana punkt 1 – 5, bla. opning av SFO
Ombygging og tilpassing av skulen.

Kan utsetjast til 2009 budsjettet.

Pga. ombygging ikkje kan gjerast før vinterferien når skulen er stengt.
Punkt 7 – 10 i handlingsplana

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Budsjett år	Vedteke budsjettet	Tilleggsbudsjettering	Sum pr. år
2008	250.000	133.000	383.000
2009	0	567.000	567.000
		Sum tot	950.000

Ingen administrative konsekvensar.

Gunnar Kvalsund
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Handlingsplan av 22.07.08

Vedlegg (uprenta): Mappe med resten av rapportane

Særutskrift går til: Teknisk



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2008/279-6
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 12.08.2008

Saksframlegg

Søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 - MATKROA AS -

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/55	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 1-6, 1-7, 1-7a-c, 3-1, 2.ledd og 3-7 vert følgjande søkjar gitt løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, løyvet gjeld frå og med 01.10.2008 til og med -30.06.2012.

Bevillingshavar: **MATKROA AS**

Salstad: Spar Midsund, gbnr. 48/106. Storleik på butikken 419 m2 salsflate.

Styrar: Liv Hagseth, f. 21.06.70, vert godkjent som styrar

Nestansvarleg: Marit Hagseth, f. 05.04.68, vert godkjent som nestansvarleg

Alkoholvare: Drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol – gruppe 1 -

Salstid: Salstida følger opningstida i daglegvareforretninga, med atterhald om at det er forbode å selje alkoholhaldig drikk etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Bevillingsgebyr: Det skal betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen, jf. §7-1 i alkohollova.

Saksutgreiing:

Viser til søknad, datert 14.05.08, om løyve for sal av alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol – gruppe 1-.

I søknaden er ønska salstid sett opp slik:

Måndag – fredag	kl 09.00 – 20.00
Dag før søn- og heilagdag	kl 09.00 - 18.00

I søknaden er opningstida sett opp slik:

Måndag – fredag	kl 09.00 - 20.00
Dag før søn- og heilagdag	kl 09.00 - 17.00

Det er søkt om godkjenning av Liv Hagseth, f. 21.06.70, som styrar og Marit Hagseth, f. 05.04.68, som nestansvarleg.

Gjeldande løyve for salg var gjev fram til 30.06.08. Kommunal bevilling av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan gis for 4 år om gongen, med opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre er valt. Løyvet er gyldig inntil 3 månader ut over denne datoen når søknad om fornying ikkje er handsama i kommunen, jf. alkohollova § 1-6.

I brev til sækjar, datert 25.06.08, frå Midsund kommune, vart sækjar orientert om at behandling av søknad om fornying av bevilling vart utsett p.g.a. forseinka saksbehandling, jf. Alkohollova § 1-6.

Vurdering:

Jf. rundskriv 5/2008 står søknad om fornying av løyve i same rettslege stilling som nye søknader. Av dette følgjer at sækjar ikkje har rettskrav på å få fornya sitt løyve. Dei same omsyn vil m.a. vere relevante både ved første gongs søknad og ved søknad om fornying av løyve. Ved søknad om fornying har kommunen i tillegg erfaring med korleis løyve har vorte utøvd og kan ta omsyn til dette.

I alkohollova § 1-7a står nemnt sentrale omsyn i vurderinga av løyvesaker, til dømes talet på sals- eller skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Jf. alkohollova §1-7, 2. ledd har søknaden vore lagt fram for Skatteoppkrevjaren i Midsund og Politiet.

Skatteoppkrevjaren har ingen merknad til søknaden.

Politiet har ingen politimessige merknader til søknaden eller personane sin vandel.

Alkohollova § 1-7c stiller krav om styrar og nestansvarleg. Desse må vere over 20 år, ha dokumentert kunnskap om Alkohollova og ha vist uklanderleg vandel i forhold til Alkohollova og denne lova sitt formål.

Styrar og nestansvarleg har oppfylt alderskravet. Styrar og nestansvarleg har avlagt Kunnskapsprøva om alkoholovgjevinga – Salsløyve -. Begge har bestått prøva og såleis innfridd kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Jf. alkohollova § 3-7 står det: ”Salg og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol kan skje frå kl 08.00 til kl 18.00. På dagar før søn- og helligdager skal salget opphøre kl 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl 20.00 på hverdager, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller bestemte ukedager.

Salg og utlevering av drikke som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, og på stemmedagene for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyrevalg og folkeavstemning vedtatt ved lov. ”

Jf. Utvalssak 04/025 (Salgsløyve 2004 -2008) vart det vedteke at salstida skulle følgje opningstida i daglegvareforretningane.

Jf. alkohollova § 7-1 skal det for bevilling til sal av alkoholholdig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol betalast eit årleg bevillingsgebyr som vert rekna ut i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Det er kommunen som skal berekne og fastsette gebyret. Bevillingshavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i alkohollova deriblant § 1-7a, erfaringar med sal i daglegvareforretninga samt uttale frå Politi og Skatteoppkrevjar, finn rådmann å kunne tilrå at søknaden frå MATKROA AS om sal av alkoholholdig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol – gruppe 1 - vert innvilga.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at Liv Hagseth vert godkjent som styrar og Marit Hagseth som nestansvarleg.

Når det gjeld salstid finn rådmann å kunne tilrå at salstida følgjer opningstida i daglegvareforretninga, med atterhald om at det er forbode å selje alkoholholdig drikk etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå MATKROA AS
Alkohollova med forskrifter

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: MATKROA AS, Postboks 43, 6476 Midsund

Lensmannen i Sund, Falkhytten 6480 Aukra

Skatt Midt Postboks 2060, 6402 Molde

Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2008/279-7
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 13.08.2008

Saksframlegg

Søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 - COOP MIDSUND BA -

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/56	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 1-6, 1-7, 1-7a-c, 3-1, 2.ledd og 3-7 vert følgjande søkjar gitt løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, løyvet gjeld frå og med 01.10.2008 – til og med 30.06.2012.

Bevillingshavar: **COOP MIDSUND BA**

Salstad: Coop Marked Midsund, gbnr. 48/21. Storleik på butikken 900 m2 salsflate
Styrrar: Sigmund Rørset, f. 10.09.70, vert godkjent som styrrar
Nestansvarleg: Tina Holm, f. 19.11.72, vert godkjent som nestansvarleg
Alkoholvare: Drikk som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol – gruppe 1-
Salstid: Salstida følger opningstida i daglegvareforretninga, med atterhald om at det er forbode å selje alkoholhaldig drikk etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og heilagdagar med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.
Bevillingsgebyr: Det skal betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen, jf. § 7-1 i alkohollova.

Saksutgreiing:

Viser til søknad, datert 15.05.08, om løyve for sal av alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol – gruppe 1 -.

I søknaden er ønska salstid sett opp slik:

Måndag – fredag kl 09.00 – 20.00
Dag før søn- og heilagdag kl 09.00 – 18.00

I søknaden er opningstida sett opp slik:

Måndag – fredag kl 09.00 - 20.00
Dag før søn- og heilagdag kl 09.00 – 18.00

Det er søkt om godkjenning av Sigmund Rørset, f. 10.09.70 som styrar og Tina Holm, f. 19.11.72, som nestansvarleg.

Gjeldande løyve var gjeve fram til 30.06.08. Kommunal bevilling av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan gis for 4 år av gongen, med opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre er valt. Løyvet er gyldig inntil 3 månader ut over denne datoen når søknad om fornying ikkje er handsama i kommunen, jf. alkohollova § 1-6.

I brev til sækjar, datert 25.06.08, frå Midsund kommune, vart sækjar orientert om at behandling av søknad om fornying av bevilling vart utsett p.g.a. forseinka saksbehandling, jf. alkohollova § 1-6.

Vurdering:

Jf. rundskriv 5/2008 står søknad om fornying av løyve i same rettslege stilling som nye søknader. Av dette følgjer at sækjar ikkje har rettskrav på å få fornya sitt løyve. Dei same omsyn vil m.a. vere relevante både ved første gongs søknad og ved søknad om fornying av løyve. Ved søknad om fornying har kommunen i tillegg erfaring med korleis løyve har vorte utøvd og kan ta omsyn til dette.

I alkohollova § 1-7a står nemnt sentrale omsyn i vurderinga av løyvesaker, til dømes talet på sals- eller skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Jf. alkohollova § 1-7, 2. ledd har søknaden vore lagt fram til uttale frå Skatteoppkrevjaren i Midsund og Politiet.

Skatteoppkrevjaren har ingen merknad til søknaden.

Politiet har ingen politimessege merknader til søknaden eller personane sin vandel.

Alkohollova §1-7c stiller krav om styrar og avløyssar. Desse må vere 20 år, ha dokumentert kunnskap om Alkohollova og ha utvist uklanderleg vandel i forhold til Alkohollova og denne lova sitt formål.

Styrar og nestansvarleg har oppfylt alderskravet. Styrar og nestansvarleg har avlagt Kunnskapsprøva om alkohollovgjevinga – Salsløyve -. Begge har bestått prøva og såleis innfridd kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Jf. alkohollova § 3-7 står det: ” Salg og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol kan skje frå kl 08.00 til kl 18.00. På dagar før søn- og helligdager skal salget opphøre kl 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl 20.00 på hverdager, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller bestemte ukedager.

Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, og på stemmedagene for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyrevalg og folkeavstemning vedtatt ved lov.”

Jf. utvalssak 04/025 (Salgsløyve 2004 – 2008) vart det vedteke at salstida skulle følgje opningstida i daglegvareforretningane.

Jf. alkohollova § 7-1 skal det for bevilling til sal av alkoholholdig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol betalast eit årleg bevillingsgebyr som vert rekna ut i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Det er kommunen som skal berekne og fastsette gebyret .

Bevillingshavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i alkohollova deriblant § 1-7a, erfaringar med sal i daglegvareforretninga samt uttale frå Politi og Skatteoppkrevjar, finn rådmann å kunne tilrå at søknaden frå COOP MIDSUND BA om sal av alkoholholdig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol - gruppe 1-vert innvilga.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at Sigmund Rørset vert godkjent som styrar og Tina Holm som nestansvarleg.

Når det gjeld salstid finn rådmann å kunne tilrå at salstida følgjer opningstida i daglegvareforretninga, med atterhald om at det er forbode å selje alkoholholdig drikk etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og heilagdag med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå COOP MIDSUND BA
Alkoholova med forskrifter

Vedlegg (uprenta): Komplett saksmappe

Særutskrift går til:

COOP MIDSUND BA, 6475 Midsund

Lensmannen i Sund, Falkhytten 6480 Aukra

Skatt Midt Postboks 2060, 6402 Molde

Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2008/279-9
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 15.08.2008

Saksframlegg

Søknad om skjenkeløyve - 62 NORD CRUISES AS -

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/57	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7a-c, 4-2 og 4-4 vert følgjande søkjar gitt skjenkeløyve, slik:

Bevillingshavar: 62 NORD CRUISES AS
Skjenkestad: **MS LEGONA**
Styrrar: Rune Wiik, f. 07.09.53, vert godkjent som styrrar
Nestansvarleg: Peder Heine Røstøen, f. 24.07.66, vert godkjent som nestansvarleg
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 -, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type bevilling: Alminneleg skjenkeløyve
Type verksemd: Charterbåt
Skjenketid: Kl 13.00 – kl 02.00 alle vekedagar
Bevillingsgebyr: Det skal betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen, jf. § 7-1 i alkohollova.
Bevillingsperiode: Frå og med 01.10.2008 – til og med 30.06.2012

Saksutgreiing:

Viser til søknad, datert 28. januar 2008, frå 62 Nord Cruises AS om løyve for servering av alkohol med med mindre enn 22 volumprosent alkohol – gruppe 1 og 2 -. Skjenkstad er charterbåt MS Legona.

I søknaden er skjenketid sett opp slik:

Alle vekedagar frå kl 13.00 – til kl 02.00.

Det vert søkt om godkjenning av Rune Wiik, f. 07.09.53, som styrar og Peder Heine Røstøen, f. 24.07.66, som nestansvarleg.

Søknad frå 62 Nord Cruises As har gått til fleire kommunar m.a. Ålesund og Sandøy, innhenting av nødvendig opplysningar har vore gjort i samarbeid med desse kommunane.

Når det gjeld styrar Rune Wiik har Ålesund kommune stadfesta pr. telefon at Politiet ikkje hadde nokon merknad.

Gjeldande løyve var gjeve fram til og med 30.06.08. Kommunal bevilling av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan gis for 4 år om gongen, med opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre er valt. Løyvet er gyldig inntil 3 månader ut over denne datoen når søknad om fornying ikkje er handsama i kommunen, jf. alkohollova § 1-6.

I brev til sækjar, datert 25.06.08, frå Midsund kommune, vart sækjar orientert om at behandling av søknaden om fornying av bevilling vart utsett p.g.a. forseinka saksbehandling, jf. alkohollova § 1-6.

Vurdering:

Jf. rundskriv 5/2008 står søknad om fornying av løyve i same rettslege stilling som nye søknader. Av dette følgjer at sækjar ikkje har rettskrav på å få fornya løyve.

Dei same omsyn vil m.a. vere relevante både ved første gongs søknad og ved søknad om fornying av løyve. Ved søknad om fornying har kommunen i tillegg erfaring med korleis løyve har vorte utøvd og kan ta omsyn til dette.

I alkohollova § 1-7a står nemnt sentrale omsyn i vurderinga av løyvesaker, til dømes talet på sals- eller skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Midsund kommune har ikkje sett tak på talet skjenkestader. I rusmiddelpolitisk handlingsplan 2004 – 2008 blir det ikkje lagt hinder for at dei som har hatt løyve får desse fornya. Kommunen skal være restriktiv i høve nye løyve.

Skjenkebevilling til nemnde båt vil være retta mot turistmarknaden og lukka arrangement og inneber ikkje ein auke i skjenkestader på land i Midsund kommune.

Sækjar driv båttransport retta mot turistar, næringsliv og charterturar. MS Legona startar sine turar frå ulike kommunar, derimellom Midsund Kommune. Jf. alkohollova §7-1, 1. ledd heiter det m.a.: ”.....Bevilling for skjenking på tog eller om bord i skip som ikkje er omfatta av statlig bevillingsmyndighet etter §5-2, gis av den kommunen som skipet eller toget har utgangspunkt for sin virksomhet. Når slik virksomhet har flere kommuner som virkeområde, må bevilling gis av samtlige kommuner. ”

Jf. alkohollova §1-7, 2. ledd har søknaden vore lagt fram for skattemyndigheit og Politiet. Skattemyndigheit har ikkje noko merknad.

Politiet har ikkje ingen politimessige merknader til søknaden eller til dei ansvarlege personane sin vandel.

Alkohollova § 1-7c stiller krav om styrar og nestansvarleg. Desse må være 20 år, ha dokumentert kunnskap om alkohollova og ha utvist uklanderleg vandel i forhold til alkohollova og denne lova sitt formål.

Styrar og nestansvarleg har oppfylt alderskravet.

Styrar og nestansvarleg har avlagt Kunnskapsprøva om alkohollovgjevinga – Skjenkeløyve -. Begge har bestått prøva og såleis innfridd kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Av søknaden går det fram at skjenketida det vert søkt om er frå kl 13.00 – 02.00 alle vekedagar.

Jf. alkohollova § 4-4, 1. ledd står det m.a. at skjenking av drikk med mindre enn 22 volumprosent alkohol, dvs. gruppe 1 og 2, kan skje frå 08.00 – kl 01.00.

I alkohollova § 4-4, 2. ledd står det: ” Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd ”.

Jf. Utvalssak 07/60 vart det vedteke å sette skjenketida alle vekedagar om bord i MS Legona frå kl 13.00 - kl 02.00.

Jf. alkohollova § 7-1 skal det for bevilling av skjenking av alkoholhaldig drikk betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen.

Bevillingshavar skal levere ein omsetningsrapport til kommunen.

Konklusjon:

Med utgangspunkt i alkohollova deriblandt § 1-7a, erfaring med skjenkestaden samt uttale frå Politi og Skatteoppkrevjar, finn rådmann å kunne tilrå at søknaden frå 62 Nord Cruises AS om skjenking av alkoholhaldig drikk mindre enn 22 volumprosent alkohol – gruppe 1 og 2 – vert innvilga.

Når det gjeld skjenketida vil rådmann rå til at skjenketida alle vekedagar vert sett frå kl 13.00 til kl 02.00.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at Rune Wiik vert godkjent som styrar og Peder Heine Røstøen vert godkjent som nestansvarleg.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Gunnar Kvalsund
rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå 62 Nord Cruises AS
Alkohollova med forskrifter

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: 62 Nord Cruises AS, Skansekaia 6002 Ålesund

Lensmannen i Sund, Falkhytten 6480 Aukra

Sula lensmannskontor Postboks 175, 6039 Langevåg

Skatt Midt Postboks 2060, 6402 Molde



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2008/279-10
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 18.08.2008

Saksframlegg

Søknad om skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3 - MIDSUND KRO AS -

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/58	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7 a-c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert følgjande søkjar, med atterhald om at tidlegare innvilga serveringsløyve gjeld vidare, gitt skjenkeløyve, slik:

Bevillingshavar: MIDSUND KRO AS
Skjenkestad: **MIDSUND KRO AS**
Styrar: Bård Bjørnerem, f. 23.11.61, vert godkjent som styrar
Nestansvarleg: Gunn Marit Løken, f. 15.06.60, vert godkjent som nestansvarleg
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3, dvs. drikk som inneheld opp til 60 volumprosent alkohol.
Type bevilling: Alminneleg skjenkeløyve
Type verksemd: Restaurant og gatekjøken.
Skjenkeareal: Restaurant Midsund Kro AS gbrn. 48/34 inkl. terrassen 2. etg. og eit avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS.
Skjenketid: I Midsund Kro AS sine lokale inkl. terrassen i 2. etg. frå kl 13.00 til kl 02.00 alle vekedagar for alkoholhaldig drikk – gruppe 1, 2 og 3 - .
Avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS frå kl 13.00 til kl 01.00 for alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 -
Opningstid: Midsund Kro AS får halde ope til kl 03.00
Bevillingsperiode: Frå og med 01.10.2008 til og med 30.06.2012
Bevillingsgebyr: Det skal betalast eit årleg bevillingsgebyr, jf. § 7-1 i alkohollova
Vilkår: * Midsund Kro AS pliktar å ha eit alkoholfritt alternativ

Saksutgreiing:

Viser til søknad, datert 13.05.08, frå Midsund Kro AS om løyve for servering av alkohol opp til 60 volumprosent alkohol dvs. – gruppe 1, 2 og 3 -. Skjenkestaden er Midsund Kro AS sine lokale inkl. terrassen i 2. etg. samt eit avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS.

I søknadskjema er det og kryssa av for serveringsløyve, sakshandsamar forutset at tidlegare serveringsløyve er gjeldande.

I søknaden er skjenketid sett opp slik:

Alle dagar frå kl 10.00 til kl 02.00.

Det vert søkt om godkjenning av Bård Bjørnerem, f. 23.11.61 som styrar og Gunn Marit Løken, f. 15.06.60, som nestansvarleg.

Gjeldande løyve var gjeve fram til og med 30.06.08. Kommunal bevilling av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan gis for 4 år om gongen, men opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre er valt. Løyvet er gyldig inntil 3 månader ut over denne datoen når søknad om fornying ikkje er handsama i kommunen, jf. alkohollova § 1-6.

I brev til søkjar, datert 25.06.08, frå Midsund kommune vart søkjar orientert om at behandling av søknaden om fornying av bevilling vart utsett p.g.a. forseinka saksbehandling, jf. alkohollova § 1-6.

Vurdering:

Jf. rundskeiv 5/2008 står søknad om fornying av løyve i same rettslege stilling som nye søknader. Av dette følgjer at søkjar ikkje har rettskrav på å få fornya løyve.

Dei same omsyn vil m.a. vere relevante både ved første gongs søknad og ved søknad om fornying av løyve. Ved søknad om fornying har kommunen i tillegg erfaring med korleis løyve har vorte utøvd og kan ta omsyn til dette.

I alkohollova § 1-7a står nemnt sentrale omsyn i vurderinga av løyvesaker, til dømes talet på sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Midsund kommune har ikkje sett tak på talet skjenkestader. I rusmiddelpolitisk handlingsplan 2004 – 2008 blir det ikkje lagt hinder for at dei som har hatt løyve får desse fornya. Kommunen skal være restriktiv i høve nye løyve. Kommunen har tidlegare gjeve løyve til skjenkestaden og har positiv erfaring med måten løyve har vore utøvd på.

Jf. alkohollova § 1-7c, 2. ledd har søknaden vore lagt fram for Skatteoppkrevjaren og Politiet. Skatteoppkrevjaren har ikkje nokon merknad.

Politiet har ikkje politimessige merknader til søknaden eller til dei til personane sin vandel.

Alkohollova § 1-7c stiller krav om styrar og avløysar. Desse må være 20 år, ha dokumenterte kunnskapar om alkohollova og denne lova sitt formål.

Styrar og nestansvarleg oppfyller alderskravet.

Styrrar og nestansvarleg har avlagt Kunnskapsprøva om alkohollovgjevinga – Skjenkeløyve -. Begge har bestått prøva og såleis innfridd kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Av søknaden går det fram at skjenketida det vert søkt om er frå kl 10.00 til kl 02.00 alle vekedagar.

Jf. alkohollova § 4-4, 1. ledd står det at skjenking av drikk med 22 volumprosent alkohol, dvs. gruppe 3, kan skje frå 13.00 til kl 24.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl 08.00 til kl 01.00.

I alkohollova § 4-4, 2. ledd står det: ”Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd”.

Vidare i same § står det at skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir – gruppe 3 - er forbode mellom kl 03.00 og kl 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk er forbode mellom kl 03.00 og kl 06.00.

Jf. Utvalssak 04/026 vart det vedteke å sett skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe - 1, 2 og 3 - frå kl 13.00 til kl 02.00.

Jf. Utvalssak 05/041 var det vedteke å gje løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk - gruppe 1, 2 og 3 – på terrassen i 2. etg Midsund Kro AS. Skjenketida vart sett frå kl 13.00 til kl 02.00.

I same utvalssak vart det vedteke å gje løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 – på eit avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS. Skjenketida vart sett frå kl 13.00 til kl 01.00.

Jf. Utvalssak 04/019 pkt. 2 har Midsund Kro AS fått dispensasjon frå forskrift om opningstid for serveringsstader i kommunen til å halde ope til kl 03.00.

Jf. alkohollova § 7-1 skal det for bevilling av skjenking av alkoholhaldig drikk betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen
Bevillingshavar skal levere ein omsetningsrapport til kommunen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Konklusjon:

Med utgangspunkt i ovanforståande og erfaringa med skjenkestaden, finn rådmann å kunne tilrå søknaden frå Midsund Kro AS om fornya løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk opp til 60 volumprosent alkohol – gruppe 1, 2 og 3 – vert innvilga.

Når det gjeld skjenketida vil rådmann rå til at skjenketida alle vekedagar for alkoholhaldig drikk - gruppe 1, 2 og 3 – i Midsund Kro AS sine lokale, inkl terrassen i 2 etg., vert sett frå kl 13.00 til kl 02.00

Skjenketida for alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 – på eit avgrensa område utanfor inngangspartiet til Midsund Kro AS vert sett frå kl 13.00 til kl 01.00.

Jf. Utvalssak 04/19 pkt.2 får Midsund Kro AS halde ope til kl 03.00.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at Bård Bjørnerem vert godkjent som styrrar og

Gunn Marit Løken vert godkjent som nestansvarleg.

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Marit Myklebostad
Sosialeiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå Midsund Kro AS
Alkohollova med forskrifter

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Midsund Kro AS, 6475 Midsund

Lensmannen i Sund, Falkhytten 6480 Aukra

Skatt Midt Postboks 2060, 6402 Molde

Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær



Midsund kommune
Sosial

Arkivsak: 2008/279-11
Arkiv: U63
Saksbeh: Marit Myklebostad
Dato: 21.08.2008

Saksframlegg

Søknad om skjenkeløyve gruppe 1, 2 og 3 - Ne`ste AS -

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/59	Kommunestyret	11.09.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7a-c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert følgjande søkjar gitt skjenkeløyve slik:

Bevillingshavar: Ne`ste AS
Skjenkestad: **Ne`ste AS**
Styrrar: Tore Sjøvik, f. 26.05.63, vert godkjent som styrrar
Nestansvarleg: Liv Oddrun Hagseth, f. 21.06.70, vert godkjent som nestansvarleg
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3, dvs. drikk som inneheld opp til 60 volumprosent alkohol.
Type bevilling: Alminneleg skjenkeløyve.
Type verksemd: Restaurant.
Skjenkeareal: Restaurant Ne`ste gbnr. 48/107 inkl. uteservering. Område for uteservering skal være på eit klart avgrensa område.
Skjenketid: I Ne`ste sine lokale frå kl 15.00 til kl 02.00 alle vekedagar – gruppe 1 og 2 -, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol.
I Ne`ste sine lokale frå kl 20.00 til kl 02.00 alle vekedagar – gruppe 3, dvs. drikk som inneheld opp til 60 volumprosent alkohol.
Avgrensa uteområde for uteservering frå kl 15.00 til kl 01.00 alle vekedagar – gruppe 1 og 2 -.
Opningstid: Ne`ste AS får halde ope til kl 03.00
Bevillingsperiode: Det vert teke atterhald om at søkjar leverer inn Omsetningsrapport for år 2007, bevillingsperioden frå og med den dato kommunen mottok rapporten til og med 30.06.2012

Bevillingsgebyr: Det skal betalast eit årleg bevillingsgebyr, jf. § 7-1 i alkohollova.
Vilkår: * Ne`ste AS pliktar å ha eit alkoholfritt alternativ.

Saksutgreiing:

Viser til søknad, datert 19.05.08, frå Ne`ste AS om løyve for servering av alkohol opp til 60 volumprosent alkohol dvs. - gruppe 1, 2 og 3 -. Skjenkestaden er Ne`ste AS sine lokale inkl. eit avgrensa uteområde.

I søknaden er skjenketida sett opp slik:

Alle kvardagar frå kl 15.00 til kl 02.00
Laurdag og søndag frå kl 12.00 til kl 02.00
Inne- og uteserevering same tid.

Det vert søkt om godkjenning av Tore Sjøvik, f. 26.05.63, som styrar og Liv Oddrun Hagseth, f. 21.06.70, som nestansvarleg.

Gjeldande løyve var gjeve fram til og med 30.06.08. Kommunal bevilling av brennevin, vin og øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan gis for 4 år om gongen, med opphøyr seinast 30.juni året etter at nytt kommunestyre er valt. Løyvet er gyldig inntil 3 månader ut over denne datoen når søknad om fornying ikkje er handsama i kommunen, jf. alkohollova § 1-6.

I brev til søkjar, datert 25.06.08, frå Midsund kommune vart søkjar orientert om at behandling av søknaden om fornying av bevilling vart utsett p.g.a. forseinka saksbehandling, jf. alkohollova § 1-6.

Vurdering:

Jf. rundskriv 5/2008 står søknad om fornying av løyve i same rettslege stilling som nye søknader. Av dette følgjer at søkjar ikkje har rettskrav på å få fornya løyve.

Dei same omsyn vil m.a. vere relevante både ved første gongs søknad og ved søknad om fornying av løyve. Ved søknad om fornying har kommunen i tillegg erfaring med korleis løyve har vorte utøvd og kan ta omsyn til dette.

I alkohollova § 1-7a står nemnt sentrale omsyn i vurderinga av løyvesaker, til dømes talet på sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Midsund kommune har ikkje sett tak på talet skjenkestader. I rusmiddelpolitisk handlingsplan 2004 – 2008 blir det ikkje lagt hinder for at dei som har hatt løyve får desse fornya. Kommunen skal vere restriktiv i høve nye løyve. Kommunen har tidlegare gjeve løyve til skjenkestaden. I samband med kontroll ved Ne`ste AS har Skjenkekontrollen hatt fleire merknader, meir eller mindre alvorlege, til måten løyvet har vore utøvd på . Det har m.a. før til at skjenkestaden vart fråteke løyve for ein avgrensa periode.

Jf. alkohollova § 1-7c, 2. ledd har søknaden vore lagt fram for Skatteoppkrevjaren og Politiet.

Dei merknadene Skatteoppkrevjaren hadde har søkjar ordna opp i.
Politiet har ikkje politimessige merknader til søknaden eller til personane sin vandel.

Alkohollova § 1-7c stiller krav om styrar og nestansvarleg. Desse må vere 20 år, ha dokumenterte kunnskapar om alkohollova og denne sitt formål.

Styrar og nestansvarleg oppfyller alderskravet.

Styrar og nestansvarleg har avlagt Kunnskapsprøva om alkoholovgjevinga – Skjenkeløyve -. Begge har bestått prøva og såleis innfridd kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova.

Jf. alkohollova § 4-4, 1. ledd står det at skjenking av drikk med 22 volumprosent alkohol, dvs. –gruppe 3-, kan skje frå kl 13.00 til kl 24.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl 08.00 til kl 01.00.

Jf. alkohollova § 4-4, 2. ledd står det: ” Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd ”.

Vidare i same § står det at skjenking av alkoholhaldig drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol – gruppe 3 – er forbode mellom kl 03.00 og kl 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk er forbode mellom kl 03.00 og kl 06.00.

Av søknaden går det fram at skjenketida det vert søkt om er frå kl 15.00 til kl 02.00 alle kvardagar og frå kl 12.00 til kl 02.00 laurdag og søndag. Det er søkt om same tid for servering inne og ute.

Jf. Utvalssak 04/026 vart det vedteke å sette skjenketida alle dagar inne for alkoholhaldig drikk – gruppe 1 og 2 – frå kl 15.00 til kl 02.00. For - gruppe 3 – frå kl 20.00 til kl 02.00.

Det vart vidare gjeve løyve til uteservering av alkoholhaldig drikke – gruppe 1 og 2 – alle dagar frå kl 15.00 til kl 01.00. Det vart sett krav om at området for uteserveringa skulle ha klare skilje til dømes med gjerde som viser kva område serveringa gjeld.

Ne`ste fekk i same vedtak dispensasjon frå forskrifta om opningstid for serveringsstader i kommunen til å halde ope til kl 03.00.

Jf. alkohollova § 7-1 skal det for bevilling av skjenking av alkoholhaldig drikke betalast eit årleg bevillingsgebyr til kommunen.

Bevillingshavar skal levere omsetningsrapport til kommunen, bevillingshavar har pr. i dag ikkje levert slik rapport for året 2007.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Konklusjon:

Med utgangspunkt i ovanforståande finn rådmann å kunne tilrå at søknaden frå Ne`ste AS om fornya løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk opp til 60 volumprosent alkohol - gruppe 1, 2 og 3 – vert innvilga, med atterhald om at Omsetningsrapport for år 2007 vert innlevert til kommunen.

Når det gjeld skjenketida vil rådmann, på bakgrunn av skjenkestaden sin lokalisering, rå til at skjenketida vert slik som vedteke i Utvalssak 04/026. Dvs. i Ne`ste sine lokale vert skjenketida frå kl 15.00 til kl 02.00 alle vekedagar – gruppe 1 og 2 -, dvs. drikk som inneheld mindre enn

22 volumprosent alkohol. For – gruppe 3 -, dvs. drikk som inneheld opp til 60 volumprosent alkohol vert skjenketida i Ne`ste sine lokale sett frå kl 20.00 til kl 02.00 alle vekedagar.

Utservering, på eit klart avgrensa område, for - gruppe 1 og 2 -, dvs. alkoholhaldig drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol, vert skjenketida frå kl 15.00 til kl 01.00 alle vekedagar.

Jf. Utvalssak 04/026 pkt. 2 får Ne`ste AS dispensasjon frå forskrifta om opningstid for serveringsstader i kommunen til å halde ope til kl 03.00.

Vidare finn rådmann å kunne tilrå at Tore Sjøvik vert godkjent som styrar og Liv Oddrun Hagseth vert godkjent som nestansvarleg.

Gunnar Kvalsund
Rådmann

Marit Myklebostad
sosialleiar

Vedlegg (prenta): Søknad frå Ne`ste AS
Alkohollova med forskrifter

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Ne`ste AS, Postboks 3, 6476 Midsund

Lensmannen i Sund, Falkhytten 6480 Aukra

Skatt Midt, Postboks 2060, 6402 Molde

Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær